

Suldal kommune

Kommuneplan 2015 – 2024

Arealdelen

Arealdelen består av ein kartdel med hovudkart for arealbruk og temakart for visse omsynssoner; og ein tekstdel med føresegner og retningslinjer. Alle karta er rettsleg bindande og må sjåast i samanheng.

Kommuneplanens arealdel skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, saman med reglane i Plan- og bygningslova (Pbl) og statleg regelverk som er heimla i denne lova. Føresegnene er rettsleg bindande, med heimel i Pbl § 11-6. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved handsaming av arealbrukssaker. Alle paragraf-tilvisningar gjeld Plan- og bygningslova, tal i overskriftene er SOSI-koder.

I planen er det vist slike arealføremål, med fleire underføremål:

1. Område for bygg og anlegg
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
3. Grønstruktur
4. Landbruks-, natur- og friluftsføremål
5. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone
6. Omsynssoner

Føresegner og retningslinjer

1. Område for bygg og anlegg

1.1 Fellesbestemmelsar

1.1.1. Felles føresegner for alle byggeområde

- a. Før frådelling og utbygging kan skje, skal det utarbeidast detaljplan for området, jf. §§ 11-7 nr 1 og 12.
- b. Bygging skal ikkje koma i konflikt med (skada, øydelegga, forandra, skjemma etc.) automatisk freda eller prioriterte kulturminne. Automatisk freda fornminne skal bli ivaretekne i ein framtidig reguleringsplan gjennom bruk av omsynssone d (H730) i kombinasjon med friluftsføremål eller liknande, og med ei buffersone som er fastsett av kulturminnestyresmaktene.
- c. Tiltakshavar skal utgreia og beskriva konsekvensar for miljøet og for barn og unge, og dessutan gjennomføra ei ROS-analyse (risiko- og sårbarhetsanalyse) av det planlagde tiltaket. For tiltak under marin grense (ca 75 moh.) skal risiko for kvikkleire utgreiast.
- d. Nye avkjørsler frå offentleg veg skal etablerast i samsvar med Statens Vegvesen sin rammeplan.
- e. Bygg der ålmenta skal ha tilgjenge skal utformast etter prinsippet om universell utforming.

f. Bygg for varig opphald skal ikkje byggast lågare enn 2 meter over nåverande havnivå utan at bygget er sikra mot vassinntrenging opp til slik høgde. For andre bygg som skal byggast ved sjøen skal tiltak mot vassinntrenging vurderast.

g. Det kan ikkje byggast eller gjerast inngrep i grunnen nærare enn 20 meter frå vassdrag utan at det er gjort særskilt vurdering av rasfare, kantvegetasjon og andre relevante tema.

h. Naust/sjøhus skal ikkje ha større grunnflate enn 35 m² utan loft, mønehøgde 4,5 m og gesimshøgde 3,0 m. Brygger (ikkje flytebrygger) skal ikkje vera større enn naudsynt ut frå djupnetilhøve.

1.1.2. Felles retningslinjer for alle byggeområde

a. Ved planlegging og utbygging bør det leggjast til rette for klima- og energiltak i samsvar med “Klima- og energiplan for Suldal kommune 2012-17” (2013).

b. Suldal kommune sin rettleiar i byggeskikk “Bygg i Suldal” (2007) bør leggjast til grunn ved all planlegging av byggeområde.

1.2. Bustadområde, næringsområde, busetnad for offentleg eller privat tenesteyting og fritids- og turistføremål

1.2.1. Føresegner

a. Leikeplassar

Ved planlegging av nye bustader gjeld følgjande:

- Sandleikeplass: 150 m². Desse skal plasserast med synskontakt frå bustad og vera trafikkisikre. Sandleikeplass skal vera maksimum 50 meter frå bustad og kan vera felles for inntil 25 bueiningar.
- Kvartalsleikeplass: 1500 m². Desse kan vera etablerte som ein del av overordna grønstruktur. Kvartalsleikeplassen kan vera inntil 150 meter frå bustadene, og skal vera felles for 25 - 200 bueiningar.
- Leikeplassar skal ha sol på minst 50 % av arealet ved jamdøgn.
- Areal brattare enn 1:3 kan ikkje reknast som leikeareal.
- Leikeplassar skal vera opparbeidd før bruksløyve for bustad blir gitt.

Ved fortetting med 3 - 6 bueiningar skal det vera leikeplass på minimum 50 m². Er det offentleg leikeplass nærare enn 50 meter, fell kravet bort.

b. Det skal leggjast til rette for to parkeringsplassar pr bustadeining.

c. Bustadområdet Brakåsen/Klypetjønn (Vinjar) skal utbyggast i to byggetrinn: 1. Brakåsen 2. Klypetjønn (etter at punkt 1. er 70% utbygd.)

d. I Erfjord skal utbygging av kommunale bustadfelt skje i følgjande rekkefølge:

1. Erfjordlia/Stølane aust/Stølane sør
2. Skjerahaug (etter at punkt 1 er minst 50% utbygd)
3. Stølane nord (etter at punkt 2 er minst 50% utbygd)

e. Ved regulering skal det gjerast særlege vurderingar av overvasshandtering.

f. I næringsområdet Bergshagen, Sand skal tilhøvet til sikringssone for drikkevasskjelde avklarast i detaljplan. I dette området kan det ikkje etablerast detaljhandel som ikkje er særleg plasskrevjande.

g. Næringsområdet Tysingvatnet, Jelsa, skal byggast ut etappevis, der første etappe er sjølve dalbotnen mellom eksisterande nærings/industribygg.

h. I næringsområdet Jeljevikja, Erøy kan det i reguleringsplan leggjast til rette for naust og utleigebygg på landsida.

1.3. Fritidsbusetnad

1.3.1. Føresegner

- a. Det skal ved utarbeiding av detaljplan takast omsyn til almenne interesser, særleg i 100-meter sona ved sjø og vassdrag. Tiltak i strandsona skal samlokalisert i størst mogleg grad. Det skal leggjast avgjerande vekt på omsynet til landskapstilpassing og biologisk mangfald. Det skal leggast til rette for 1,5 parkeringsplass pr eining.
- b. For naust/brygger innan byggeområde for fritidsbustader gjeld same føresegner som for øvrige byggeområde.

1.4. Råstoffutvinning

1.4.1. Føresegner

Reguleringsplan skal visa etappevis utnytting, tilbakeføring og etterbruk. Planen skal også visa eventuell støysone kring anlegget.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

2.1. Riks- og fylkesvegar, planlagde

2.1.1. Føresegner:

Utbygging skal skje etter vedteken detaljplan. Detaljplan skal også visa mellombelse riggplassar m.v. og eventuelle deponeringsområde for overskotsmassar.

2.2. Fiskerihamn

Gjeld Jelsa fiskerihamn.

2.2.1. Føresegner:

Alle søknader om tiltak i sjøområdet eller langs stranda skal sendast Kystverket for uttale.

3. Grønstruktur

3.1. Turdrag

Omfattar trase langs Suldalslågen på strekninga Sand – Suldalsosen.

3.1.1. Føresegner

Langs denne traseen kan det ikkje iverksettast tiltak som i vesentleg grad forringar høve til allmenn ferdsel. Det kan etablerast tursti/gangveg/sykkelveg etter avtale mellom kommunen og grunneigar, eller etter detaljplan. Der det er behov for fysisk opparbeiding, skal traseval avklarast med kulturminnestyresmaktene.

4. Landbruks, natur- og friluftsføremål (LNF)

Omfattar det meste av landarealet innan planområdet. Det er i utgangspunktet her berre opna for å gi byggeløyve/frådelingsløyve til tiltak innan stadbunden næring, t.d. landbruk og fiske.

4.1. Fellesbestemmelsar for LNF-område

4.1.1. Føresegner for alle LNF-område

- a. Eksisterande bebygde bustad- og fritidseigedomar i LNF-område utanom 100 meter-sona langs sjø skal, ved søknader om mindre bygg/uthus, handsamast som område der spreidd bygging er tillatt jf. Pbl §11-7 nr 5b. Innan 100 meter-sona skal alle søknader handsamast som dispensasjonssaker.
- b. På landbrukseigedomar som hovudsakleg ligg i 100 meter-beltet ved sjø kan det oppførast naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag knytt til landbruksverksemd nærare enn 100 m frå sjøen, dersom ein ikkje kan finna

alternativ plassering og/eller det blir plassert i tilknytning til eksisterande tun. Ved plassering skal det tas omsyn til andre vesentlege interesser jfr. PBL § 1-8.

c. Utbygging (bustad- og næringsbygg) eller andre tiltak innafør LNF-område må ikkje skade, øydelegge, forandra eller virka skjemma på automatisk freda kulturminne eller gjera desse mindre tilgjengelege, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8. Landbrukssøknader som gjeld vegar, bygg, nydyrking, planering m.v., og søknader om oppføring av bustader, skal sendast på høyring til kulturminnestyresmaktene.

d. For søknader om nye tiltak i lausmasseområde under marin grense (ca 75 moh.) skal risiko for kvikkleire utgreiast.

e. Dersom det blir gitt dispensasjon for tiltak i LNF-områda ut over det som er nemnd ovanfor, gjeld avgrensingar gitt i føresegnene for LNF-område for spreidd bygging.

4.2. LNF-område med høve til spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad

4.2.1. Føresegner for område

utanfor 100 meter-sona langs sjø

a. I desse områda kan spreidd utbygging skje innan omfang som vist i tabell under.

b. Utbygging skal ikkje skje på dyrka mark, i plantefelt eller i produktiv skog, eller vera i konflikt med landbruks-, natur-, kulturlandskaps- eller friluftsinnteresser, skytebanar eller nedslagsfelt for drikkevatt.

c. Det kan ikkje byggast nærare sjøen enn 100 meter frå strandlinja eller 50 meter frå vatn og elver (100 meter innan verna vassdrag) før området inngår i detaljplan.

d. Bygging skal ikkje koma i konflikt med freda eller prioriterte kulturminne. Alle tiltak skal vurderast av kulturminnestyresmaktene, jf. Kulturminnelovas §§ 3 og 8.

e. Tiltakshavar skal gjennomføra ei ROS-analyse av tiltaket.

f. Nye avkjørsler frå offentleg veg skal etablerast i samsvar med Statens Vegvesen sin rammeplan.

g. Bustader skal ikkje vera større enn 200 m² BYA, med mønehøgde 8 m, gesimshøgde 6 m over terreng. Elles gjeld teknisk forskrift.

h. Fritidsbustader skal ikkje vera større enn 90 m² BYA (eksklusiv terrasse) og maks. mønehøgde 7,5 m.

i. Næringsbygg kan ikkje ha større grunnflate enn 300 m². Omgrepet næringsbygg omfattar ikkje sjøretta utleigebygg/reiselivsbygg.

j. På bustadtomter kan det byggast garasje/uthus på inntil 60 m² BYA i ei høgde.

k. Jakt- og sankebuer skal ikkje vera større enn 50 m² BYA i ei høgde.

4.2.2. Føresegner for område i 100 m-beltet langs sjø

a. Naust skal ikkje ha større grunnflate enn 35 m² og vera i ei høgde.

b. Brygger (ikkje flytebrygger) skal ikkje vera større enn naudsynt ut frå djupnetilhøve.

4.2.3. Tabell over spreidd bygging i LNF-område med grense for tal einingar

Område/tal bustader (B), hytter (H) og næringsbygg (N)

Ropeidhalvøya Hebnes 112/32: 2H

Ropeidhalvøya Bjørklund: 3B 3N

Ropeidhalvøya Kalvik – Løvik: 7H (5 på 119/2, 2 på 119/3)

Ropeidhalvøya Refsbygdå: 5B 5H 3N

Rørvikvatnet, Vintraleå: 1H

Landsnes – Bog: 10H

Erfjord: Kolstø: 5H

Erfjord: Hålandsdal (3 delomr.): 10B 5N

Nattlandstøl, Erfjord: 4H

Hylsfjorden (2 delomr.): 5B 5N

Sandsbygda: 10B 5N

Herabakka/Galland (2 delomr.): 5B 5N

Tjøstheim (2 delomr.): 5H

Underbakka - Lunde: 5B 5N
Sandsa søraust: 1H
Kvilldal: 5B 5N
Kvilldal, Lauvastølsvatnet vest: 5H
Kvilldal, Steinstølsvatnet nord: 2H
Hamrabø: 5B 5N
Kilavatn, Hamrabø: 6H
Bråtveit: 5B 5H 5N
Bråtveit, Mosvatnet: 5H
Nesflaten: 5B 5N
Roalkvam: 5B 5H 5N

5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

5.1. Felles føresegner for heile sjøområdet

Vedlikehald og nyetablering av anlegg til navigasjonsmessig bruk innafor planområdet er tillatt, jf. Pbl. § 1-8, 4. ledd og § 11-11 nr 4.

5.2. Generelle fleirbruksområde FFFNA

Omfattar sjøområde for ferdsel, fiske, friluftsliv, naturvern og akvakultur.

5.2.1. Retningslinjer:

Område for akvakultur bør ikkje leggast der det kjem i vesentleg konflikt med almenne interesser. Det bør takast særleg omsyn til område av særleg verdi for fiskeria. Anlegga bør ikkje ha installasjonar i sjøen eller på land utover det som er naudsynt for drifta.

5.3. Småbåthamner

5.3.1. Føresegner:

Det skal utarbeidast reguleringsplan der det skal anleggast småbåthamn med bygningsmessige anlegg (brygger, naust, sjøhus m.v.) på land. Småbåthamner bør innehalda gjesteplassar. For småbåthamn Drarvik skal areal på land utover det som er regulert (Drarvikneset, plan-id 060614), framleis vera LNF-område.

5.4. Område for fiske

Omfattar viktige område for fiske, t.d. gytefelt.

5.4.1. Føresegner:

Det er tillatt med ferdsel og friluftsliv innafor desse områda. Det skal takast omsyn til fiskeriinteressene.

5.5 Område for fiske: kaste- og låssettingsplassar

5.5.1. Føresegner:

I desse områda skal det takast særskilt omsyn til fiskeriinteressene. Alle søknader om tiltak skal vurderast av Fiskeridirektoratet. I områda Nevøynå og Hellandshavn skal det også takast særskilt omsyn til friluftinteressene.

5.6. Område for natur

Gjeld sjøområde i tilknytning til Foldøy naturreservat og Steganeset fuglefredingsområde på Foldøy.

5.6.1. Føresegner:

For dette området gjeld eiga forskrift i medhald av naturmangfaldlova.

5.7. Friluftsområde

5.7.1. Retningslinjer:

Det bør ikkje gjevast løyve til bygningar i strandnære område på land, med unnatak av anlegg som ledd i tilrettelegging for friluftsliv. Det er tillatt med fiske og allmenn ferdsel innfor desse områda.

5.8. Område for ankring

Omfattar område for ankring og opplag (Erfjord) av fartøy og installasjonar.

5.8.1. Føresegner:

Av dei to opplagsområda i Erfjord kan berre eitt område nyttast om gangen, jfr. avtale mellom Suldal kommune og Erfjord Ankerfestelag.

6. Omsynssoner

6.1. Omsynssone sikring av drikkevasskjelder H110

Omfattar nedslagsfelt for drikkevasskjelder på Sand, Jelsa og Erfjord H110_1 – H110_4.

6.1.1. Føresegner:

Det er ikkje tillate å setta i verk nye tiltak etter §20-1 eller frådela til slike føremål før området inngår i detaljplan og omsynet til drikkevasskjeldene er avklara.

6.2. Omsynssone støy H290

Gjeld kring skytebanar, helikopterbase på Garaneset, Sand og steinbrot på Berakvam

6.2.1. Føresegner:

Det kan ikkje gjevast byggeløyve eller frådelast til bustad- eller fritidsbustadføremål i desse områda før det ligg føre reguleringsplan eller er dokumentert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med statlege retningslinjer for støy.

6.3. Omsynssone rasfare (eige temakart) H310

Omsynssonene omfattar areal som er vist som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred på nettstaden www.skrednett.no og skredatlas.nve.no.

6.3.1. Føresegner:

Der det er overlapp mellom desse sonene og byggeområde i gjeldande reguleringsplanar (sjå under 7. Verknader av kommuneplan), skal behovet for ei særskilt fagkyndig undersøking av rasfare vurderast før det kan gjevast nye byggeløve til bustader eller fritidsbustader, eller frådeling til slike føremål. Der det er overlapp mellom potensielle rasområde og LNF-område/LNF-område for spreidd bygging, kan ein ikkje gi bygge- eller frådelingsløyve før det ligg føre ei sakkyndig vurdering av reell rasfare.

6.4. Omsynssone faresone skytebane H360

Omfattar faresone H360_1-4

6.4.1. Føresegner

Det kan ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelast til slike føremål, med unnatak av tiltak som har med drifta av skytebanen.

6.5. Omsynssone råstoffutvinning H510

Omfattar område H510_1-6 for mogleg framtidig pukktutvinning avsette i “Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke” (10.12.2013) og område H510_7 mogleg for massetaks-område på Nerheim.

6.5.1. Føresegner:

For område H510_7 Nerheim skal dei kvartærgeologiske verneverdiane i høve til øvrige verneverdige område innan “Suldals-sanduren” (område Su5 i rapport T-678, januar 1987 frå Miljøverndepartementet) vurderast. Vidare skal konsekvensane for landskap og jordbrukskvalitet vurderast. Ein skal også vurderer andre moglege uttaksområde i Suldalsdalføret. Dersom ein etter dette konkluderer med at området kan nyttast til uttak, kan det utarbeidast reguleringsplan for området. I reguleringsplanen skal det leggest opp til etappevis uttak og tilbakeføring for å redusere negative konsekvensar. Planen skal også visa evt. støysone.

6.5.2. Retningslinjer:

Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak i desse områda, t.d. bygging av bustader eller fritidsbustader, som kan redusera mulighetene for framtidig utnytting av områda. Når uttak av råstoff blir aktuelt, bør området settast av til område for råstoffutvinning i kommuneplanen.

6.6. Omsynssone friluftsliv H530

Omfattar regionalt viktige friluftsområde H530_1 – H530_4.

6.6.1. Retningslinjer:

Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelaust til slike føremål før området inngår i detaljplan, med unntak av tiltak som fremmar friluftslivet.

6.7. Omsynssone prioriterte kulturlandskap H550_1-2

Omfattar område i Ulladalen og Mokleiv/Litlehamar.

6.7.1. Føresegner:

Omsynet til kulturlandskapsverdiane skal tilleggast avgjerande vekt i arealforvaltinga i desse områda.

6.8. Omsynssone fiske og nasjonal laksefjord/laksevassdrag H560_1-10

6.8.1. Føresegner fiskeområde H560_1-9

I desse områda er det tillate med ferdsel og friluftsliv. All verksemd skal ta omsyn til fiskeinteressene.

6.8.2. Føresegner nasjonal laksefjord H560_10:

Denne sona omfattar Sandsfjorden innafor Foldøy og Suldalslågen og skal forvaltast etter “Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder”.

6.9. Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570

Omfattar bygningsmiljø med høg verneverdi (H570_1-5).

6.9.1. Føresegner

Omsynet til bygningsmiljøet skal tilleggast avgjerande vekt ved handsaming av søknader om tiltak i desse områda.

6.10. Omsynssone nasjonalt villreinområde H580

6.10.1. Føresegner:

Innan denne sona gjeld føresegner og retningslinjer gitt i “Heiplanen” (Regionplan for Setesdal Vesthei og Austhei og Ryfylkeheiane, 2013).

6.12. Omsynssone bandlegging for regulering H710

Omfattar eit område på Eriksmoen, Vinjar.

6.12.1. Føresegner

Det kan ikkje gjevast bygge- eller delingsløyve etter §20-1 innan dette området før det er utarbeidd detaljplan.

6.13. Omsynssone verneområde etter “Lov om forvaltning av naturens mangfold” H720

Gjeld landskapsvernområde og naturreservat H720_1-10

6.13.1. Føresegner:

For desse områda gjeld eigne forskrifter for kvart einskild område.

6.14. Omsynssone kulturminne H730

6.14.1. Føresegner:

Innafor omsynssone H730 finst det kulturminne som er freda i medhald av Lov om kulturminne av 1978, jf. § 4. Det er ikkje er tillate å utføra tiltak eller arbeid innafor desse områda utan løyve frå kulturminnestyresmaktene, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8. Alle område vist med rune-R i kartgrunnlaget skal reknast som omsynssone H730, område som er bandlagde med heimel i Kulturminnelova.

6.15. Omsynssone verna vassdrag H740

Omfattar Hamrabøvassdraget, Hålandsvassdraget og deler av Vikedalsvassdraget, Hustveitvassdraget og Norddalsvassdraget, H740_1 – H740_5.

6.15.1. Føresegner:

I særskilt avgrensa delar av vassdraget som er markert med eiga omsynssone (t.d. H740_3-4 i Hålandsvassdraget) skal vasstrengen/vatn forvaltast som Klasse 2 i “Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag” (1994). For det øvrige nedbørsfeltet skal vasstrengen/vatn forvaltast som Klasse 3 i dei same retningslinjene.

6.16. Omsynssone bandlagde friluftsområde H740

Omfattar sikra statlege friluftsområde H740_6-9, forvalta av Ryfylke Friluftsråd (Skaholmane; Barkeneset; Sjubbeholsvågen; Hellandshabn).

6.16.1. Føresegner:

Det kan ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelast til slike føremål, med unntak av tiltak som fremmar friluftslivet for ålmenta.

6.17. Omsynssone regulerte område H910

Syner område med gjeldande reguleringsplan/detaljplan eller bebyggelsesplan og der denne framleis skal gjelda, jfr. “Verknader av kommuneplan” under.

7. Verknader av kommuneplan

7.1. Føresegner:

- Denne planen gjeld foran eldre regulerings- og bebyggelsesplanar, med unntak av dei planane som her er opplista, som framleis skal gjelda, og som er viste som omsynssone H910 på plankartet.
- Der reguleringsplanen ikkje viser byggegrenser, gjeld føremålsgrense for byggeområde som byggegrense, også i 100-meter sona ved sjø.
- I reguleringsplanar for fritidsbustader, der maksimal arealstorleik er på inntil 80 m² BRA/BYA, kan det utan dispensasjon, men etter søknad, byggast uisolert uthus/bod på inntil 10 m² i ei høgd. Dette kan vera frittliggjande eller som tilbygg til fritidsbustaden.
- I reguleringsplanar som omfattar middelalderkyrkjegardar (Vinjar, Sand, Jelsa) gjeld: Middelalderkyrkjegardane er automatisk freda kulturminne. I dei delane av kyrkjegarden som ligg innafør område for middelalderkyrkjegarden er det berre tillate med gravlegging i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.
- Der det er overlapp mellom reguleringsplanar og omsynssone rasfare H_310, gjeld føresegn 6.3.1. ovanfor.

Liste over reguleringsplanar som framleis skal gjelda:

Austsida av gata	940913	Preståsen Vest	840403
Bjørkaren, øvre	770808	Randåsen II	971022_1
Dalane III	931123	Rophaug- Bergekrossen	860701
Eide, Sand skule	740726	RV Sand- Rophaug	750723
Eidsbakkane	200904	Sand sentrum,hotell/småbåthavn	891109
Eidssjøen	830923	Vg. skule, område for	780103
Flataberget	770722	Sandsfossen, område ved	900621_2
Garaneset	740708	Sand kyrkje, område ved	800222
Gåsavika, Sand	830926	Lågabrotet	860429
Joagarden	990324	Jelsavågen m.m.	861028
Levaråsen	800730	Noresjøen - Bjergsted	981216
Litlavik	961106	Sandaneset, nordre del, I	771024
Maleniusåsen	681013	Sandaneset, søndre del, II	961217_1
Nordenden	990908	Sandaneset, nordre del, II	780522
Preståsen - Vestly	740912	Trollhaugane	830518

Landsnes - Bog	020529	Tveita	950919
Erøy	911029	Bjødnavaågen1	910516
Erøy omregulering	010328	Tveita I	790717_1
Erfjord skule	861028_1	Sjubbeholsvågen	961217
Jeljevika mek. Verkstad	000913	Kjølvik	790717
Hålandsosen,	900621_1	Dyråsen	001101
Stølane	760129	Sørheim	021030
Lovradalen	830221	Indre Vatlandsvåg	000913_1
Mosrøysane	970514	Li	840518
Veka	980527_1	Åserød, indre	840530
Iversflaten	960528	Åserøddalen	971022
Hagane Vest	770107	Jårvik, indre	820629
Hagane Aust	731228	Jårvik, ytre	831028
Kariåsen	750521	Høyvik 134/2 og 8	200806
Kruno	870224	Høyvik	831020
Kvæstad	990616_1	Holemyr	030402
Prestevika	751222	Markusvika	930527
Preståsen [Nord]	790530_1	Markusvika, ”Vik”	970226
Vinjarheim	871215	Jeljevika, Erfjord	000913
Rv 46 m/ tilstøytande omr	800215	Nyvoll	950425_1
S av Rv. 13, Osleb.- Brakab.	940621	Romsbotn	950425
Haugabjør	011219	Økstra/Tjødnaneset	020227
Tjørnarhaugen	890509	Båsen	200905
Vanvik bustadfelt	920527	Slåttå	981021
Krokeneset, Vindafjorden	970903_1	Foreneset 145/fleire	870602
Huldrehaugen, Marvik	761213	Foreneset 145/1 og 16	980527
Marvik	981217	Fuglastein 145/5	040211
Marvik bustadfelt	010221	Fuglastein,steinbrot 145/5 og 12	020403
Saelva	990908_1	Dalberg 145/15	700810
Solland – Vatlandsvåg_FV 686	971022_2	Dalberg 145/15 og 27	951109
Ropeid ferjekai	990616_2	Hauane	950622
Kjølvikstølen	011031	Stuvik, gnr. 145 bnr. 18	020911_2
Bekkjadalen	800701	Sandvik	840621
Moen	790530	Naust i Habn	860901
Nesflaten	820826	Vik, naust	021218
RV 13 Kolbeinstveit	011219_1	Kolstø	840514
Kvilldal kraftstasjon	011219_1	Tysse	031210
Bogsfjorden vest	050518	Rørtveit / Nonsheia	740206
Rv 13 Osen - Kolbeinstveit	031012	Haugsl./Slåtteheia	720414
Rv 13 Iversflaten		Helgeland	850625
Rv 13 rasteplass Djupevik	021030_1	Tveit/Liarstøl	850326
Haugastølskvelven	971217	Kvelvane	801023
Fjellberg	850528	Kilavågen	910625_2
Vasshus	990114	Drengstig	800502
Vikjø	990616	Andvik	921125
Markosvatnet	710818	Østebø	020619
Vikane	020911	Vormestrand aust	040616
Litle Saurdal	850129	Vormestrand II	950221
Kjetilstad	920924	Ytre Varnes	041215
Kjetilstadlia	030129	Indre Varnes	050202_1
Våge	200802	Borgaliflota	031210_1
Mokleiv	820323	Tysseland kraftverk	000913_2
Bjørkenes	800208	Døsje, Vormestrand	040324
Kilavatnet	791210	Barkeland	050202_2
Holane	810212_1	Foreneset reiseliv	060308
Austarå	800508	Vormestrand	050608
Bordalen	810212	Finnvik	031210_2
Østebø, Tysseland	810904	Nerstølkvelven	040915
Tysseland	810506	Øymyrhammaren	050616
Drarvikneset	060614	Bøen, Erøy	050525
Solhaug, Løland	810703	Levarskjer	051205
Vanvik, ytre	951017	Tveita	061220
Mo	040526	Vidvei, Suldalseid	200807
Nevøy	731221	Lindum-Tjøstheim golfbane	060201
Øynatangen	881129	Kilen messebygg	070620_3
Foldøy	940208	Rv 13 Erfjord	070530
Borgaliflåta	031210_1	Kloppå, Vatlandsv	081216
Omundsholmen	990217	Vårli, Økstra	200804
Bjødnavaågen2	970903	Foreneset 144/22	200805

Jelsavågen, båthavn.	200803	
Sandsfjordbrua	200808	
Foreneset 145/98	200901	
Foreneset 145/1 og 16		200902
Foreneset 145/10	200903	
Nerstølkvelven II	070620_1	
Svehaugane	200801	
Sjostien	200907	
Båsen	200905	
Mosvatn- Gullingenområdet	200906	
Berakvam	201011	
Mehushaugen	201012	
Tengesdal	201016	
Israelsneset	201003	
Sjøtun, Vatlandsvåg	201014	
Slettingsvika	201002	
Vanvik bustadfelt	201009	
Bakken, kolonihagar-Hebnes	201010	
Stuvik, gnr. 176 bnr. 4		201022
Smalhusåsen	201006	
Jelsavågen vest, gnr. 139/69	201007	
Flåtene, Jelsavågen 139/8	201008	
Jelsavågen, gnr. 137 bnr. 11	201013	
Jelsavågen aust	201018	
Tveita, gnr. 113 bnr. 14	201023	
Fjellbergskaret	201024	
Vikeneset	201021	
Marvik, gnr. 126 bnr. 1	201025	
Nyastøl	201015	
Haugen, Eide	201005	
Kalvik	201019	
Østebø	201102	
Klypa	201201	
Engjaland del av gnr. 59 bnr. 61	200809	
Høyvik, gnr. 134 bnr. 1	201026	
Tveita gnr. 113 bnr. 8	201017	
Kilen	201303	
Sand sentrum	201004	
Leirvika	201020	